SOMMERKURS

musikkorps.no

# Velkomen til sommarkurs!

**Vi takkar for påmeldinga til sommarkurs! Du er meldt på til Gult kurs på Fjordane Folkehøgskule på Nordfjordeid, torsdag 8.august til søndag 11.august 2019.**

**Her kommer informasjon om kurset**



**26 deltakarar er påmelde i skrivande stund på det gule kurset. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!**

**Frammøte:**

**Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid, torsdag 8. august mellom klokka 14 og 15.Infomøte for foreldre kl. 15:30**

**Avslutningskonsert:**

**Uformell avslutningskonsert på folkehøgskulen klokka 13 søndag 11. august. Vi håpar slekt og vener tek turen for å høyre på!**

**Opphald: Innkvartering med sovepose / dyne i senger på to-, tre- og firemannsrom. Deltakarar frå same korps vil så langt som råd bli plassert på same rom.**
**Det vert servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. Sjølvsagt blir det tilsyn av vakse personale heile døgnet. Det er lurt å ha spist litt på førehand /ha med matpakke til første del av dagen slik at ein ikkje blir svolten like etter kursstart.**

**Musikalsk leiar for kurset er Åge Jan Barlund og leirsjef er Ingebjørg Eide**
**Oversikt over av alle lærarane på kursa ligger ute på NMF Nordvest sine heimesider.**

## Har du spørsmål før kurset? Send en mail på nordvest@musikkorps.no eller ring på tlf. 98241164

## Kontaktinfo under kursuka:

Leirsjef **Ingebjørg Eide, tlf. 47655087.**

NMF Nordvest 98241164 nordvest@musikkorps.no

# SOMMARKURS 2019

## Hugs å ta med:

- ☺ Feilfritt instrument med tilhøyrande utstyr
- ☺ Notestativ (hugs å merke med namn!)
- ☺ Sovepose eller dyne/pute med dynetrekk putevare og laken.
- ☺ Skrivesaker
- ☺ Handkle
- ☺ skrivebok
- ☺ Toalettsaker
- ☺ Personlege medisinar
- ☺ Treningskle/joggesko
- ☺ Svart bukse og svarte sko til avslutningskonserten (t skjorte blir delt ut)
- ☺ Innesko
- ☺ Drikkeflaske

Slagverkere kan ta med, stikker, køller og skarptromme med stativ evt. øvingspad for teknikkøving.

Det er greit å ha med litt lommepenger til felles Utflukt til butikken.

## Reglement:

1 Elevane pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på musikkleiren.

2 Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke og etetider skal overhaldast.

3 Elevane skal møte opp i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen tek til.

4 Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan løyve frå leirsjef.

5 Røyking er forbode innandørs.

6 All bruk av alkohol og andre rusmiddel er forbode.

7 Det skal vere sovero på paviljongane frå kl 22.00 til 07.00.

8 Brot på reglementet vil føre til utvising frå musikkleiren utan tilbakebetaling av kursavgifta. Rapport vert sendt til korps og regionstyret.

Energidrikker som Red Bull og liknande er ikkje lov på sommarkurset



**... og alle kjem sjølvsagt til sommarkurset med godt humør og speleglede!**

# VELKOMEN PÅ SOMMARKURS!

Lurer du på noko? Meir informasjon får du på regionkontoret:
Tlf 982 41 164, e-post nordvest@musikkorps.no






NORGES MUSIKKORPS FORBUND
Nordvest